

## **Referat møte i språkpolitisk utval (SU) 5. desember 2024**

Stad: Møterom Utsikt, Kommunikasjonsavdelinga, Nygårdsgaten 5

Tid: 5. desember 2024 klokka 1000

Til stades: Marita Kristiansen, Endre Brunstad, Anna Svingen-Austestad, Ingrid W. Solhøy, Rasmus Tennøe Loe, Ida Bergstrøm (sekretær)

Fråfall: Rune Johan Krumsvik

### **Dagsorden:**

#### **Sak 19/24: Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

Marita Kristiansen spelte inn eit ønske om å sette møtedatoar for 2025. Sekretær fekk fullmakt til å sende framlegg til møtedatoar på sirkulasjon.

### **Orienteringssaker**

#### **Sak 20/24: Benedicte Carlsen ny kontaktperson for Språkpolitisk utval**

I mandatet til Språkpolitisk utval står det at ein skal vere “universitetets rådgivende utvalg for språkpolitikk og fremme bevissthet om språkpolitiske spørsmål”.

Ifølge referatet til møte i Språkpolitisk utval datert 16.05.24 heiter det at “Språkpolitisk utvalg og de språkpolitiske retningslinjene ved UiB mangler tydelig forankring i universitetsledelsen”.

I tråd med vedtak i Sak 17/24 har Marita Kristiansen bedt rektoratet om å utnemne ein kontaktperson i rektoratet. Rektoratet har utnemnd Benedicte Carlsen, og 27. november 2024 hadde Marita Kristiansen og Ida Bergstrøm eit møte med henne.

Her diskuterte ein praktiske dimensjonar av organiseringa av arbeidet til SU.

Det vart og semje om å ved behov sette ned tverrgående arbeidsgrupper som kan bidra SU i språkpolitiske spørsmål.

Etter planen vil det verte halde eit formøte med Carlsen i forkant av kvart møte i Språkpolitisk utval.

#### **Sak 21/24: Utviding av utvalet**

I regelsamlinga til UiB står det at “Språkpolitisk utvalg oppnevnes av rektor for tre år av gangen og består av inntil ni medlemmer. Utvalget skal være bredt sammensatt og ha god faglig bredde”. Slik samansetninga til utvalet er no, det fleire fakultet som ikkje er representerte. I tråd med vedtak i sak 18/24 har utvalsleiar bedt rektoratet om å utvide utvalet med to nye medlemmar

**Desse to er oppnemnde, og vil verte kalla inn til neste møte:**

**Janne Solheimslid, seksjonssjef HR-avdelinga**

**Magnus Vollset, førsteamanuensis Institutt for global helse og samfunnsmedisin**

### **Sak 22/24: Gjennomgang av mandat for Språkpolitisk utval og språkpolitiske retningslinjer**

Mandat for Språkpolitisk utval blei vedteke i 31.10.2019.

Samtidig blei UiB sine språkpolitiske retningslinjer blei vedtekne.

I dialog med Benedicte Carlsen framkom eit behov for gjennomgang av mandat og retningslinjer i løpet av 2025.

I samråd med Carlsen blei det tatt ei avgjerd om å gjennomgå dei språkpolitiske retningslinjene, særleg for å sjå at dei nye språkkrava er dekkja. Ein vil samtidig gjennomgå mandatet til Språkpolitisk utval.

Marita Kristiansen og Ida Bergstrøm vil gå gjennom dokumenta, og førebu eit saksframlegg som vil bli behandla i Språkpolitisk utval i 2025.

### **Drøftingssaker**

#### **Sak 23/24: Oppfølging av nye språkkrav**

Departementet har i brev oversendt til UiB 30.09.2024 varsla ei evaluering av språkkrava i 2025 i tråd med [handlingsplanen for norsk fagspråk i akademia](#). Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) har fått delegert rettleiingsansvaret knytt til dei nye språkkrava om norskopplæring, og har oppretta ei [eiga nettside](#) der sentrale tema knytt til kapittel 3 i forskrift til universitets- og høgskulelova blir skildra.

I møtet orienterte utvalsleiar kort om dei nye språkkrava til faste og midlertidig tilsette. I eit brev sendt frå KD går det fram at språkkravet er lovfesta, samt at det vil kome ei evaluering i 2025.

Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse vil få ansvaret for å rettleie sektoren.

I forlenginga av orienteringa vart det ei drøfting av korleis utvalet kan medverke til tolking og etterleving av språkkrava ved institusjonen. Utvalet vil i første omgang be om ein gjennomgang frå HR, og ventar med interesse på å bli involvert i dette arbeidet.

### **Sak 24/24: Publiseringskanal i doktorgradsprogram**

Det medisinske fakultet godtar normalt ikkje artiklar frå det norske tidsskriftet Tidsskrift for Den norske legeforening i stipendiatane sine avhandlingar.

Kunnskapsdepartementet legg til grunn at eventuelle krav eller føringar for utdanninga som avgjer på kva måte ph.d.-studentane skal publisere resultat frå forskning som skjer som del av utdanninga, må vera sakleg grunngeve, konsistent praktisert og tydeleg kommunisert til studentane. Departementet føreset at institusjonane utviklar lokale reglar og praksis som er i tråd med dei reglar som gjeld.

Bakgrunn for saka er ei hending der ein doktorand ble avvist grunna publisering av artikkel i Tidsskriftet for norsk legeforening.

#### **Diverse saker om temaet i Khrono:**

[Avhandlingen ble avvist fordi den ene artikkelen sto i et norsk tidsskrift](#)

[Avhandlingen ble avvist: — Dette smaker av akademisk husmannsånd](#)

[UiB tillater likevel at stipendiater publiserer i norsk tidsskrift](#)

[UiB snur — igjen: Tillater likevel ikke artikler som er publisert i norsk tidsskrift](#)

Utvalsleiar har i rolla som leiar for Språkrådet fagråd for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning vore i kontakt med Kunnskapsdepartementet og bedt om å bli underretta om kva reglar som gjeld for doktorandar som publiserer i norske vitenskaplege tidsskrift på nivå 1.

Utvalet ønsker at UiB ser på kva reglar og praksis som er gjeldande på dei ulike fakulteta. Vidare oppmodar ein rektoratet om å i fortolkinga av ph.d.-forskrifta gjer det klart korleis ein vil praktisere forskrifta på UiB.